

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 1/2020, 6. JANUAR

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

STUDIESTART HAUSTEN 2020: TYSDAG 18. AUGUST

På møte Utdanningsutvalet i desember vart det vedtatt at Høgskulen i Volda i åra framover skal starte studieåret på ein tysdag mellom 14. og 20. august, slik ordninga har vore dei siste åra. Studiestart hausten 2020 blir dermed tysdag 18. august, og med opningshøgtid kl 12.00.

STUDENTREKRUTTERING: HØGSKULEN ER REPRESENTERT PÅ STUDENTMESSER LANDET RUNDT

I januar og februar er høgskulen representert på dei store utdanningsmessene landet rundt - eller i alle fall i Sør-Noreg. I tillegg reiser høgskuletilsette og studentambassadørar til vidaregåande skular på Vestlandet for å informere om høgskulen til framtidige studentar.

<https://www.hivolda.no/nyhende/mot-oss-rundt-om-landet>

STUDENTREKRUTTERING (2): HER ER VÅRE STUDENTAMBASSADØRAR

Høgskulen har fått drahjelp frå nærare 30 studentar som stiller opp som ambassadørar for Høgskulen. Her er dei!

<https://www.hivolda.no/studentliv/mot-oss-pa-messer-og-skulebesok/studentambassadorar>

INTERNASJONALISERING: REKORDMANGE STUDENTAR I UTANLANDSPRAKSIS PÅ SOSIALFAG

Heile 37 av 107 studentar på bachelor i sosialfag valde hausten 2019 å ta praksis i utlandet. Flest reiste til Tanzania (17) og til India reiste 14. 5 reiste til Hellas, 4 til Kenya og 1 til Irland. Dei har arbeidd med og fått unik praksiserfaring i sosialt arbeid ved barneheimar, skular for funksjonshindra, rusinstitusjonar, samfunnsarbeid og arbeid med eldre.

<https://www.hivolda.no/nyhende/unik-praksiserfaring-afrika-og-asia>

PUBLISERING: FRIST FOR REGISTRERING I CRISTIN ER 15. JANUAR

Seinast 15. januar 2020 må fagtilsette ha registrert FoU-arbeid frå 2019 i databasen Cristin. Lenke til Cristin-pålogging: <https://wo.cristin.no/as/WebObjects/cristin.woa/wa/registrering?la=no>

PUBLISERING (2): KVINNELEGE LITTERATURFORSKARAR PÅ PUBLISERINGSTOPPEN

Professor Marie Nedregotten Sørbo og Anemari Neple publiserte mest målt i "tellekantpoeng" ved Høgskulen i Volda 2018.

<https://www.hivolda.no/forsking-og-utvikling/kvinner-pa-forskingstoppen-volda>

PUBLISERING (3): ANTOLOGI I KYRKJEFAG PROFIL

Like før jul kom det ut ein ny antologi i skriftserien Kyrkjefag Profil. Antologien heiter "Religion og etikk i skole og barnehage" og er redigert av Bente Afset og Arne Redse. Av dei 9 artiklane i artikkelsamlinga var 7 skrivne av av tilsette ved HVO. Forskarar ved Høgskulen på Vestlandet og Høgskolen i Innlandet.

https://press.nordicopenaccess.no/index.php/noasp/catalog/book/82?fbclid=IwAR36a4wCRIi34XAt2DNO48uB3Qd-43O9bmJ2MN9frccBk3s3EOH7GFNA_HY

PUBLISERING (4): ARTIKKEL I DOTAWO: JOURNAL OF NUBIAN STUDIES

Forskingssjef Henriette Hafsaas har publisert ein artikkeli tidsskriftet Dotawo: "The Nubian Frontier as a Refuge Area Warrior Society between c. 1200 and c. 1800 CE: A Comparison between Nubia and the Ottoman Balkans". Dette er eit open tilgang tidsskrift og artikkelen er her:

<https://escholarship.org/uc/item/9zn4h301>

Hafsaas har også vorte invitert til å vere redaktør for ei utgåve av tidsskriftet neste år og då med temaet «War in the Sudan»:

<http://unionfornubianstudies.org/2020/01/05/call-for-papers-war-in-the-sudan/>

FAUSKE FORSKA PÅ ZOMBIAR I SAN DIEGO

Førstelektor Ragnhild Fauske ved Institutt for religion, livssyn og kyrkjefag har delteke på American Academy of Religion sin årlege konferanse i San Diego, USA. Fauske presenterte funn frå doktorgradsarbeidet sitt som handlar om samtalar om eksistensielle spørsmål i barnehagen. Tittelen på presentasjonen var «Gravestones, Zombies, Dead Siblings and Existential Questions» og var basert på observasjon av barnehagebarn på besøk på ein gravplass.

<https://www.hivolda.no/forsking-og-utvikling/hvo-forskar-pa-stor-konferanse>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved

HVO: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre:

<http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

28.-29.1.2020: Avdelingsseminar AMF

30.1.2020: Fagdag geriatri. <https://www.hivolda.no/fagdag-geriatri>

12.2.2020: Internasjonal dag. <https://www.hivolda.no/internasjonal-dag-0>

27.2.2020: HMS-dag.

5.3.2020: Styremøte 1/2020

9.-10.3.2020: Nasjonal PPU-konferanse: "Lærarkvalifisering for framtida"

26.-27.3.2020: Avdelingsseminar ASH

14.-15.4.2020: Avdelingsseminar AKF

20.-22.4.2020: It's Volda. <https://www.hivolda.no/kategori/laerarutdanninga/its-volda>

23.4.2020: Styremøte 2/2020

28.-29.4.2020: NOKUT-tilsyn, institusjonsbesøk

11.6.2020: Styremøte 3/2020

18.-19.6.2020: Fjordkonferansen 2020 www.fjordkonferansen.no

18.8.2020: Studiestart, studieåret 2020-2021

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

6.1.2020: Kva skjedde i 2019? Kva vil skje i 2020?

<https://blogg.hivolda.no/jr/2020/01/06/kva-skjedde-i-2019-og-kva-vil-skje-i-2020/>

Alle blogginnlegg: <https://blogg.hivolda.no/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

HVO-blogger: <https://blogg.hivolda.no/>

Nynorsksenterets blogg: <https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:

<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Nytt om bygging av nytt mediehus: <https://www.hivolda.no/mediebygg>

Nytt om bygginga av Volda Campus Arena (Volda kommune):

<https://www.volda.kommune.no/aktuelt/volda-campus-arena-vi-realiserer-idrettshall.72934.aspx>

Mediehuset: Minutt-for-minutt-video:

https://drive.google.com/uc?export=view&id=1iISBGU8YFjYM_v93dYXBTG-GQpiN3LW